



Tomme lokale i gamleskolen

No er det atter tomme lokale i to av dei mest kjende bygga sentralt i Uskedalen: Elins konditori slutta verksemda i gamleskolen 5. august og denne veka har Kvinnherad Dyreklinikk i Sætre-huset (der det tidlegare var bakeri) takka for seg.

Det har ikke lukkast **uskedalen.no** å komma i kontakt med veterinærane Karin Elisabeth og Håkon Rydland Sæbø for ein kommentar til at dei har slutta etter berre eitt år i Uskedalen, men Elin slutta som fylgje av sviktande omsetnad.

- Nokon har gjeve uttrykk for ein viss interesse for å overta lokala, men enno er det ikkje inngått nokon avtale. Neste veke skal eg ha opphørssal, då skal alt vekk på tre dagar, seier Elin Enes.

Korkje ho eller Uskedal Utvikling, som eig huset, har gjeve opp vona om å få ein arvtakar i tilnærma den samme bransjen.

Det er mange som sterkt beklagar at det ikkje er nokon dagleg møteplass i Uskedalen etter at Elin slutta.



- og tomme lokale i Sætre-huset.